

Smålotteri

Sist oppdatert: 9. april 2015

Eit smålotteri er eit lotteri med årleg omsetning på inntil 200 000 kroner.

Kven kan halde smålotteri?

Lokale frivillige lag og humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar har høve til å halde små, tradisjonelle lotteri på ein enkel måte. Offentlege institusjonar, [som skular, skuleklassar og foreldrearbeidsutval kan ikkje halde smålotteri](#).

Vilkår for å arrangere smålotteri

Målet er at organisasjonen skal kunne skaffe seg lotteriinntekter til organisasjonen sitt formål utan å søkje om løyve. Det er nok å sende melding om lotteriet til Lotteritilsynet. Nokre vilkår må likevel vere oppfylte for at lotteriet kan definerast som smålotteri:

- Samla omsetning på slike lotteri kan ikkje vere over 200 000 kroner pr. kalenderår.
- Lotteriet må vere basert på tradisjonelle, papirbaserte loddsetlar eller loddbøker.
- Skrapelodd kan ikkje brukast i smålotteri.
- Gevinstar skal trekkjast på førehand eller i etterkant på ein bestemt dato.
- Loddsalet skal berre skje i ein periode som er bestemt på førehand.
- Inntektene frå lotteriet kan ikkje gå til kommersiell verksemd eller privatpersonar.
- Pengepremiar kan ikkje brukast som gevinst i lotteriet.
- Gåvekort kan brukast som gevinst så lenge desse berre kan vekslast inn i varer og ikkje direkte i kontantar.

Når det gjeld gevinstandel er ikkje dette fastsett i regelverket for smålotteri, men vi tilrår at gevinstverdien bør utgjere minst 25 prosent av planlagt omsetning. Dette tilsvarar kravet som gjeld for store lotteri.

Innmelding



Velkommen til registreringsbildet for smålotterier.

Identifisering av organisasjon.
Det er viktig å registrere lotterier på organisasjonar som ikkje har organisasjonsnummer.

Har du organisasjonsnummeret til den frivillige, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonen som ønskjer å avholde lotteri, skriv det inn i feltet og klikk neste.

Har du ikkje organisasjonsnummeret, skal feltet stå tomt og klikk neste.

Organisasjonsnummer:

Smålotteri kan [meldast elektronisk](#) til Lotteritilsynet. Som brukar vil du få fortløpande rettleiing gjennom den elektroniske løysinga, og målet er at organisasjonen på denne måten får nok informasjon om gjennomføring av lotteriet i samband med innmelding.

Lotteritilsynet skal ha melding om smålotteri 14 dagar før loddsalet startar.

Lotteritilsynet ønskjer at alle bruker løysinga for elektronisk innmelding av smålotteri.